



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kari Elster Moen, 5557 2370

Vår dato  
30.04.2014  
Dykkar dato  
04.04.2014

Vår referanse  
2014/4600 421.3  
Dykkar referanse  
14/1225

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Uttale til dispensasjonssøknad - Meland - Gnr 40 Bnr 7 - Espetveit - Bygging av veg og parkeringsplass i strandsona

Fylkesmannen viser til søknad om dispensasjon for bygging av veg og parkeringsplass i strandsona på gnr. 40 bnr. 7 på Espetveit.

Det er i søknaden vist til at det er gitt rammeløyve til bygging av 5 naust som ligg i eit areal som er vist som naustføremål i kommuneplanen. Det er no søkt om dispensasjon for bygging av veg og parkeringsplass til nausta. Illustrasjon som ligg ved, viser at parkeringsplass og veg blir eit stort inngrep i strandsona i LNF-området. Det er sett av plass til 10 parkeringsplassar. Veg og parkeringsplass krev sprenging og planering.

I strandsona skal ein ta særleg omsyn til landskap og friluftsliv, og tiltaket strir mot desse omsyna. Vi legg til grunn at naustføremålet i kommuneplanen er avgrensa etter ei grundig vurdering, og at det ikkje er ein nødvendig del av naustføremålet å bygge veg og parkering i tilknytning til dette så nært sjøen. Fylkesmannen saknar kommunen si eiga vurdering av tiltaket som grunnlag for vår uttale i saka. Vi må derfor vere meir generelle i vår uttale. Moment som vil vere avgjerande for ein dispensasjon, er kor stort inngrep dette tiltaket vil gjere i strandsona, og kor nødvendig det er. Det bør òg framgå av saka om ein har sett på alternative løysingar. Vi meiner primært at det må vurderast om ein kan plassere parkering utanfor 100-metersbeltet. Dersom det mest skånsame for terrenget er parkering bak nausta, må ein vurdere å redusere storleiken på parkeringsplassen og breidda på vegen.

Med helsing

Arve Meidell e.f.  
seksjonsleiar

Kari Elster Moen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*